

# **Gudbrandsdal historielag og Dølaringen**

## **Årsmelding 2009**

### **1. Årsmøte 2009**

Årsmøtet i 2009 var på Søre Harildstad, Heidal laurdag 29. august, med Heidal historielag som vertskap. Det møtte 29 personar, av desse var 16 medlemmer i Dølaringen. Ni lokale historielag var representerte.

Før årsmøtet var det omvisning i Heidal kyrkje og i husa på Søre Harildstad.

### **2. Rekneskap for 2009**

Rekneskapen for 2009 viser eit underskott på kr 60.471, mot eit overskott på kr 65.813 i 2008. Årsaka til det dårlege resultatet ligg i dårlegare sal av årbøker, større provisjon til dei som sel boka, mindre inntekt frå sal av andre bøker enn dei siste åra og generelt større utgifter.

Ved utgangen av året 2009 var Aagaards legat på kr 80.272, mens Ivar Kleivens fond var på kr 30.281.

### **3. Årspengane**

Det vart vedteke slike årspengane for 2010:

Gudbrandsdal historielag: 200 kr for medlemslag og 50 kr for personleg medlem.

Dølaringen: 100 kr for medlemslag og 50 kr for personleg medlem.

### **4. Val.**

På årsmøtet vart det gjort slike val:

#### **Gudbrandsdal historielag:**

Arne Skuterud, Nord-Fron, 2007 – 2010, attvald som leiar for eitt år.

Arild Teigen, Nord-Fron, 2009 – 2012, ny

Kirsten Andberg, Lillehammer, 2008 – 2011, ikkje på val

#### Varafolk for eitt år:

Aud Kroken, Lom

Anders G. Fretheim, Ringebru/Fåvang

Hans Agneberg, Skjåk

#### **Dølaringen:**

Arne Skuterud, Nord-Fron 2009 – 2012, vald som leiar for eitt år.

Gaute Elvesæter Helland, Lom, 2007 – 2010, ikkje på val

Kirsti Haugstad, Ringebru/Hamar, 2008 – 2011, ikkje på val

#### Varafolk for eitt år:

Arnfinn Engen, Lillehammer

Ragnhild Kolden, Lom/Oslo

Åse Haugstad, Lesja

#### **Valnemnd:**

Ivar Teigum, Otta, 2008 – 2011, ikkje på val

Iver Forseth, Lillehammer, 2009 – 2012, ny (samrøystes vald)

Kari Jægersletten, Vinstra, 2009 – 2011, ny (vald med 21 røyster)

**Revisor:** Oppland Revisjon & Rådgivning vart vald som revisor.

## **5. Styrearbeid og medlemstal**

Gudbrandsdal historielag og Dølaringen har i 2009 hatt fire felles styremøte og drøfta 30 saker.

Dølaringen hadde 91 enkeltpersonar og fire lag/legat som medlemmer i 2009. Gudbrandsdal historielag hadde 12 lokale historielag i Gudbrandsdalen som medlemmer i 2009. Dei fleste laga har send inn melding om arbeidet for 2009.

I samband med kulturminneåret 2009 arrangerte Gudbrandsdal historielag to kulturminnedagar:

- *Kulturminne langs ny E6 i Fron, laurdag 25. april.*  
Arrangementet starta på Dale-Gudbrands gard på Hundorp med orientering av arkeolog Øystein Andersen. Etter det deltok dei nesten 30 frammøtte i alderen 7 – 82 år på synfaring til utgrevingar ved Jetlund og Breivegen i Sør-Fron og Stenseng/Veikleengenget i Nord-Fron.
- *Arkeologiske funn ved Aursjøen på Lesja, laurdag 6. juni.*  
Arrangementet starta på Lesja bygdatun med orientering ved arkeologane John Olsen og Espen Finstad. Etter det deltok 15 personar på busstur til Dalsida og til fleire funnstader ved Aursjøen og Gautsjøen.

Begge arrangementa vart gjennomført i strålande vårver.

Resultat frå dei arkeologiske funna både i Fron og ved Aursjøen vil bli presenterte i artiklar i komande årbøker for Gudbrandsdalen.

Det har også i 2009 vore arbeidd med å samle ein større del av boklageret ved Suttestad, og få betre oversikt over lageret her.

Styret har i 2009 arbeidd for å planleggje seminar i januar 2010 om *arkeologi og eldre historie*. Planarbeidet har vore gjennomført i samarbeid med Maihaugen. Etter kvart har også Oppland fylkeskommune delteke i arbeidet.

## **6. Årboka for Gudbrandsdalen 2009**

Kristian Hosar har vore redaktør for årboka også i 2009. Som vanleg har boka eit breitt stoffutval frå heile Gudbrandsdalen. Boka vart lagt ut for sal i september.

Årboka 2009 er på 250 sider og er trykt i eit opplag på 2137. Salet av boka har gått noko ned dei siste åra. Pr 31.12.2009 var det seld 1.296 bøker.

## **7. Dølaringen Boklag. Opplysningar til årsmeldinga etter rekneskapslova § 3-3.**

Dølaringen og Gudbrandsdal historielag eig Dølaringen Boklag. Boklaget gjev ut og sel bøker, både for eiga rekning og etter avtaler med andre. Kvart år gjev boklaget ut *Årbok for Gudbrandsdalen*.

I 2009 har boklaget også gjeve ut boka "*Drama i dalen - bind 3*" av Jan Vidar Lie Pedersen. Boklaget har dessutan avtale med Fåberg og Lillehammer historielag og Gausdal historielag om sal av bøkene dei gjev ut.

Styret for Dølaringen Boklag har i 2009 vore slik:

Iver Forseth, Dølaringen  
Arne Skuterud, Gudbrandsdal historielag  
Kristian Hosar, redaktør i Årbok for Gudbrandsdalen.

Det er opp til årsmøtet å få ein betre kjønnsbalanse i styret for boklaget.

Dølaringen Boklag har ein tilsett medarbeidar, Anne Hosar i ca. 50 % stilling.  
Boklaget leiger kontor i Chr. Bruuns veg 1A, 2615 Lillehammer og har i tillegg boklager i  
lagerhallen på Suttestad gard, Lillehammer. I 2009 er det rydda i boklageret og ein større del  
av bøkene er nå flytta til Suttestad.

Både på kontoret og lageret er arbeidsmiljøet tilfredsstillande, og det er ingen store endringar i  
drifta frå 2008 til 2009, med driftsresultatet har endra seg negativt frå eit overskott i 2008 til  
eit nesten like store underskott i 2009, jf. pkt. 2 ovanfor. Dølaringen Boklag har pr 31.12.2009  
ein eigenkapital på kr 604.364, mot kr 664.836 ved utgangen av 2008. Styret vil vurdere kva  
som kan gjerast for å endre driftsresultatet i meir positiv lei i 2010.

Vinstra 16. mars 2010

Arne Skuterud  
*leiar*  
*i Gudbrandsdal historielag og Dølaringen*

Gaute E Helland  
*styremedlem*  
*i Dølaringen*

Kirsti Haugstad  
*styremedlem*  
*i Dølaringen*

Kirsten Andberg  
*styremedlem*  
*i Gudbrandsdal*  
*historielag*

Arild Teigen  
*styremedlem*  
*i Gudbrandsdal*  
*historielag*